



Finans- og tolldepartementet  
Pb 8008 Dep  
0032 OSLO

**Vår ref.**  
15/77-81/N - 000/244

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
17.09.2015

## HØYRINGSUTTALE FRÅ KVAM HERAD TIL FINANSDEPARTEMENTET OM FORSLAGET OM Å FJERNA EIGEDOMSSKATT PÅ PRODUKSJONSUTSTYR OG PRODUKSJONSINSTALLASJONAR FOR VERK OG BRUKT

Kvam herad viser til brev frå Finansdepartementet 18. juni 2015 om «*Høring om eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk*».

### **Kvam formannskap vedtok 11. september 2015 følgjande uttale til høyringa:**

Det vert vist til høyingsnotat 18. juni 2015 frå Finansdepartementet der det vert føreslege å fjerna egedomsskatt på produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar i verk og bruk.

- Kvam formannskap er sterkt imot å fjerna egedomsskatt på produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar for verk og bruk og dermed imot forslaga til endringar i egedomsskatteregelverket frå Finansdepartementet.

Forslaga vil undergrava ordninga om egedomsskatt på verk og bruk som har vore gjeldane heilt frå 1882, og som kviler på lang rettspraksis. Lova om egedomsskatt er den einaste skattlegginga som kommunane fullt og heilt rår over sjølve og er difor ein viktig del av det lokaldemokratisk sjølvstende.

- Det har vore konsensus i Norge om at avkastninga av våre unike naturressursar skal fordelast på ein rimeleg måte mellom distrikt og sentrum. I dette tilfellet gjev distriktet frå seg store areal og naturressursar som storsamfunnet nyt godt av i form av økonomisk utbytte. Det er rett og rimeleg at litt av avkastninga av desse ressursane og anlegga kjem til gode dei som stiller ressursane til disposisjon.

Forslaga er eit brot på samfunnskontrakten mellom staten og kommunane. Kommunane som gjev frå seg verdifulle naturressursar til store kraftleidningar og vindkraftanlegg reknar med vederlag i form av økonomisk utbytte. Frå staten si side er det rutinemessig eit viktig element i grunngjevinga for utbygging at kommunar vil motta vesentlege inntekter i form av egedomsskatt.

Det er korkje for kraftlinjer eller vindkraftanlegg andre ordningar som gjev noko tilbake til dei råka kommunane. Mange kommunar har grunngitt støtta si til slike utbyggingar fullt og heilt i tillit til lovnaden frå staten om inntekter frå anlegga i form at egedomsskatt.

- Forslaga medfører at vilkåra for kommunalt sjølvstyre vert innsnevra, og strid mot løfte som regjeringa gav i Sundvolden-erklæringa om at kommunane skal behalda ein større del av dei inntekter som vert skapt lokalt.

Forslaga er ikkje eigna til å oppfylla målsetjingar departementet har om meir stabile rammevilkår og likebehandling av kommunane.

- Kvam herad vil peika på at gjeldande ordning om eigedomsskatt på verk og bruk er vesentleg meir robust og treffande enn å gje kommunane del av selskapsskatten. Medan eigedomsskatt er knytt til stadbundne anlegg, vert selskapsskatt lagt på konsernnivå.
- I vår kommune vil mellom anna Hardangerlinja, dei såkalla «*monstermastene*». verta fritekne for eigedomsskatt. Det er provoserande at dette vert føreslege berre nokre få år etter at det var eigedomsskatt til evig tid på, dei *same* mastene, som skulle «*sukra pillen*».
- KS har kartlagt at forslaga vil medføra eit inntektstap for kommunane på minimum 1,7 milliardar kroner, kanskje meir.
- Berre ein liten del av reduksjonen i skatteproveny vil koma det private næringslivet til gode. Om lag halvparten vil gå direkte inn til staten i form av auka selskapsskatt og særskattar. Mesteparten av den resterande reduksjonen vil i vår kommune koma statsføretaket Statnett til gode.
- Kvam herad vil årleg tapa minst 6 millionar kr. i eigedomsskatteinntekter. Tap av så store faste inntekter vil slå rett inn i det kommunale velferdsstilbodet.
- Finansdepartementet viser til at ein av intensjonane med lovendringa er å redusera talet på tvistesaker. Etter vårt syn vil talet på tvistesaker auka. Den langvarige praksisen gjer at det i dag er få tvistar, medan forslaget til nye reglar inneholder skjønstema som det er stor sjanse for vil skapa nye tvistesaker.
- Kvam herad er kritisk til høyringstidspunktet som Finansdepartementet har sendt ut forslaget på høyring 18. juni med høyringsfrist 18. september. Det gjer det vanskeleg å få ei god politisk handsaming av ei sak som er så viktig for kommunane.
- Regjeringa vert oppmoda til å trekkja forslaga.

## Helsing

### **Kjell Helvik**

Seniorrådgjevar

Telefon: 56553041

Epost: kjell.helvik@kvam.kommune.no

### **Mottakarliste:**

Finans- og  
tolldepartementet

Pb 8008 Dep

0032 OSLO